

# Nordhordland folketal og demografi 01.01.2018



Nordhordland Utviklingselskap IKS

## Innleiing

### I Nordhordland auka folketalet med 0,4 % i 2017, det er den lågaste auken sidan 1999.

Dette notatet viser kort korleis utviklinga i folketalet har vore i Nordhordland frå år 01.01.2000 til 01.01.2018. I tillegg til folketalet er det også sett på den demografiske utviklinga i regionen. Det er også nytta tal frå SSB sin prognose for folketalet framover.


Der ikkje årstal er nemnt så er det 01.01.2018 som det er meint. Tala er henta frå SSB.

## Folketal - utvikling


Folketalet i regionen har auka med 21 % sidan 2000, det er meir enn gjennomsnittet for landet (18 %). Det er store skilnadar mellom kommunane. Meland skil seg ut med ein vekst på 51 % - høgast i fylket, men også i Lindås har auken vore stor. Dei minste kommunane med unntak av Modalen har ein reduksjon i folketalet når ein ser på heile perioden frå 2000 til 2018. Året 2017 skil seg ut med ein lav vekst i folketalet, det gjeld også for landet totalt. Den låge auken skuldast at nettoinnflytting til regionen var bare 19 stk, må tilbake til 1999 for å finne eit lågare tal.

	Folketal 01.01. i åra						Folketal - 2018 i % av		
	2000	2005	2010	2015	2017	2018	2000	2010	2017
1252 Modalen	354	361	344	378	383	380	107 %	110 %	99,2 %
1253 Osterøy	7 006	7 207	7 421	7 842	8 026	8 125	116 %	109 %	101,2 %
1256 Meland	5 353	5 861	6 631	7 736	8 021	8 079	151 %	122 %	100,7 %
1260 Radøy	4 585	4 656	4 825	5 014	5 128	5 129	112 %	106 %	100,0 %
1263 Lindås	12 492	13 043	14 286	15 402	15 731	15 789	126 %	111 %	100,4 %
1264 Austrheim	2 527	2 527	2 738	2 856	2 884	2 902	115 %	106 %	100,6 %
1265 Fedje	682	661	594	563	587	561	82 %	94 %	95,6 %
1266 Masfjorden	1 774	1 693	1 635	1 704	1 710	1 730	98 %	106 %	101,2 %
1411 Gulen	2 489	2 459	2 302	2 335	2 371	2 345	94 %	102 %	98,9 %
<b>Nordhordland</b>	<b>37 262</b>	<b>38 468</b>	<b>40 776</b>	<b>43 830</b>	<b>44 841</b>	<b>45 040</b>	<b>121 %</b>	<b>110 %</b>	<b>100,4 %</b>
Hordaland	433 932	450 348	479 185	511 357	521 980	522 539	120 %	109 %	100,1 %
Landet totalt	4 478 497	4 606 363	4 858 199	5 165 802	5 258 317	5 295 619	118 %	109 %	100,7 %

Dei kommunane som har større vekst enn landet - er lysegrønne felt




Endring i folketallet i 2017				
Kommune	Netto- innflytting inkl. inn- og utvandring	Fødsels- overskot	Netto endring	Folketalet ved utgangen av året
1253 Osterøy	57	42	99	8 125
1263 Lindås	(17)	76	59	15 789
1256 Meland	6	52	58	8 079
1266 Masfjorden	28	(8)	20	1 730
1264 Austrheim	12	6	18	2 902
1260 Radøy	(21)	22	1	5 129
1252 Modalen	(3)	-	(3)	380
1265 Fedje	(25)	(1)	(26)	561
1411 Gulen	(18)	(9)	(27)	2 345
<b>Totalsum</b>	<b>19</b>	<b>180</b>	<b>199</b>	<b>45 040</b>



SSB sin prognose viser at folketallet i 2025 i Nordhordland er på 50.000, ein auke på 5.300 samanlikna med i dag. For at det skal nås må der vere ein større årleg vekst enn det som var i 2017. Med den usikkerheten og omstilling i næringslivet som er i regionen kan det vere at SSB sin prognose er for optimistisk med omsyn til framtidig vekst.

Bergen har over 50 % av folketallet i Hordaland. Veksten i Bergen i 2017 var bare på 0,4 %, mens landet hadde 0,7 %. Dersom veksten i Bergen held seg låg er det grunn til å rekne med at veksten i kommunane rundt Bergen også i vil avta.

Folketal 01.01. og SSB sin prognose fram til 2040										
	2000	2005	2010	2015	2018	2020	2025	2030	2035	2040
1263 Lindås	12 492	13 043	14 286	15 402	15 789	16 676	17 784	18 858	19 771	20 562
1253 Osterøy	7 006	7 207	7 421	7 842	8 125	8 449	8 964	9 437	9 842	10 233
1256 Meland	5 353	5 861	6 631	7 736	8 079	8 717	9 700	10 633	11 479	12 249
1260 Radøy	4 585	4 656	4 825	5 014	5 129	5 303	5 521	5 705	5 854	5 965
1264 Austrheim	2 527	2 527	2 738	2 856	2 902	3 048	3 243	3 404	3 540	3 659
1411 Gulen	2 489	2 459	2 302	2 335	2 345	2 420	2 465	2 509	2 571	2 629
1266 Masfjorden	1 774	1 693	1 635	1 704	1 730	1 700	1 701	1 715	1 701	1 702
1265 Fedje	682	661	594	563	561	556	545	538	534	517
1252 Modalen	354	361	344	378	380	394	410	430	434	453
Nordhordland	37 262	38 468	40 776	43 830	45 040	47 263	50 333	53 229	55 726	57 969



I begrepet Vest – er det kommunane – Øygarden, Fjell og Sund.

## Demografi og utvikling

Vekstkommunane har ein ung befolkning. Dei kommunane som har slitt med fallande folketal har ein eldre befolkning. Den gruppa som er 15 år og yngre utgjer 21 % i regionen totalt.


Meland har den høgaste andelen med 24

I den aldersgruppa som som føder barn – 21 – 40 år, så har Nordhordland noko lågare andel enn resten av landet. Ingen av kommunane er over gjennomsnittet for landet. Fedje skil seg ut med låg andel – 15 %, men også dei andre kommunane som slit med fallande folketal har relativ låg andel i den gruppa.

For dei som er 68 år og eldre så er Nordhordland totalt ganske likt landet, men der er store forskjellar mellom kommunane. For nokon av kommunane utgjer denne gruppa nærare 20 %, mens for Meland er det om lag 11 %.



	% andel i dei ulike aldersgruppene						
	0 - 5	6 - 15	16 - 20	21 - 40	41 - 67	68 - 79	80 +
1252 Modalen	5 %	17 %	6 %	23 %	34 %	9 %	7 %
1253 Osterøy	8 %	12 %	7 %	25 %	33 %	10 %	5 %
1256 Meland	9 %	15 %	7 %	26 %	32 %	8 %	3 %
1260 Radøy	7 %	12 %	6 %	24 %	35 %	10 %	5 %
1263 Lindås	8 %	14 %	7 %	24 %	34 %	10 %	4 %
1264 Austrheim	7 %	12 %	7 %	21 %	35 %	13 %	5 %
1265 Fedje	5 %	14 %	7 %	15 %	39 %	11 %	9 %
1266 Masfjorden	7 %	12 %	6 %	20 %	35 %	12 %	7 %
1411 Gulen	6 %	12 %	7 %	22 %	35 %	12 %	7 %
<b>Nordhordland</b>	<b>8 %</b>	<b>13 %</b>	<b>7 %</b>	<b>24 %</b>	<b>34 %</b>	<b>10 %</b>	<b>4 %</b>
Hordaland	7 %	12 %	6 %	28 %	33 %	9 %	4 %
Landet totalt	7 %	12 %	6 %	27 %	34 %	10 %	4 %
	Grønt - høgare enn landet					Raudt - høgare enn landet	

Når ein ser Nordhordland samla så vert aldersfordelinga ganske normalt samanlikna med landet totalt. Det vi skal merke oss er at vi har ein lågare andel av aldersgruppa 21 – 40 år noko som gjer at vi er avhengig av ei netto tilflytting av dei som er i gruppa 30 – 40.




For aldersgruppa 80 + så er der forventa uendra utvikling fram til 2020, i 2025 er der forventa ein auke på 20 % og i 2030 er der forventa auke på over 65 % samanlikna med i dag. Det er store forskjellar mellom kommunane. I dei minste kommunane må ein vere litt forsiktig med å bruke % tala for sterkt. Andelen av dei som er 80 + har vore oppe i 5 %, no er den nede i 4 %. Frå 2025 vil andelen stige og det gjer at ein kan forvente at større del av kommunen sin ressursbruk må gå til denne aldersgruppa. Det er grunn til å merke seg den store auken i Lindås og Meland.

80 år og eldre - året 2018 = 100 %										
	2000	2005	2010	2015	2018	2020	2025	2030	2035	2040
1263 Lindås	87 %	96 %	100 %	103 %	100 %	106 %	131 %	186 %	232 %	259 %
1253 Osterøy	101 %	107 %	110 %	99 %	100 %	100 %	112 %	152 %	178 %	201 %
1260 Radøy	112 %	121 %	102 %	97 %	100 %	97 %	119 %	152 %	185 %	213 %
1256 Meland	67 %	83 %	88 %	92 %	100 %	100 %	124 %	190 %	244 %	280 %
1411 Gulen	118 %	111 %	99 %	97 %	100 %	99 %	110 %	144 %	148 %	164 %
1264 Austrheim	89 %	91 %	92 %	81 %	100 %	101 %	143 %	191 %	216 %	227 %
1266 Masfjorden	102 %	98 %	92 %	117 %	100 %	101 %	104 %	119 %	133 %	160 %
1265 Fedje	106 %	94 %	96 %	100 %	100 %	86 %	86 %	90 %	120 %	133 %
1252 Modalen	68 %	76 %	44 %	68 %	100 %	100 %	72 %	116 %	104 %	156 %
<b>Nordhordland</b>	<b>94 %</b>	<b>101 %</b>	<b>99 %</b>	<b>99 %</b>	<b>100 %</b>	<b>101 %</b>	<b>120 %</b>	<b>165 %</b>	<b>198 %</b>	<b>224 %</b>
Hordaland	86 %	94 %	97 %	99 %	100 %	104 %	120 %	155 %	183 %	208 %
Landet totalt	85 %	96 %	99 %	99 %	100 %	104 %	122 %	159 %	186 %	210 %



Den yrkesaktive delen av befolkninga – 21 – 67 år i forhold til dei som er 68 år og eldre vil vere langt lågare i 2030 enn i 2017. I 2017 er forholdstalet 4,2 i Nordhordland, det er litt lågare enn

for landet totalt (4,5). I Nordhordland er det bare Meland som har eit høgare forholdstal enn landet. I 2030 er det forventa eit forholdstal under 3 i mange av kommunane. Når ein så reduserer for dei som ikkje er i jobb i denne aldersgrupp (uføretrygda, førtidspensjonerte, arbeidsledige) så vil det i nokon av kommunane vere ein svært låg andel av befolkninga som er yrkesaktive.




For aldersgruppa som går i grunnskulen er det forventa ein vekst totalt i regionen.

Barn i grunnskulen - 6 -15 år - året 2018 = 100 %										
	2000	2005	2010	2015	2018	2020	2025	2030	2035	2040
1252 Modalen	100 %	81 %	75 %	105 %	100 %	95 %	81 %	84 %	84 %	95 %
1253 Osterøy	109 %	112 %	107 %	103 %	100 %	105 %	118 %	130 %	134 %	133 %
1256 Meland	76 %	83 %	85 %	95 %	100 %	112 %	121 %	127 %	133 %	136 %
1260 Radøy	106 %	108 %	108 %	103 %	100 %	104 %	109 %	108 %	108 %	106 %
1263 Lindås	81 %	86 %	92 %	97 %	100 %	103 %	108 %	113 %	119 %	122 %
1264 Austrheim	103 %	101 %	103 %	101 %	100 %	104 %	117 %	121 %	128 %	127 %
1265 Fedje	108 %	113 %	109 %	92 %	100 %	80 %	84 %	81 %	76 %	76 %
1266 Masfjorden	121 %	115 %	104 %	92 %	100 %	101 %	104 %	100 %	98 %	94 %
1411 Gulen	121 %	136 %	115 %	99 %	100 %	93 %	96 %	105 %	109 %	106 %
<b>Nordhordland</b>	93 %	97 %	97 %	98 %	100 %	104 %	112 %	117 %	122 %	123 %
Hordaland	93 %	98 %	98 %	98 %	100 %	102 %	104 %	107 %	111 %	113 %
Landet totalt	92 %	97 %	97 %	98 %	100 %	101 %	102 %	104 %	108 %	110 %

I tabellen over er 2018 satt til 100 %. Lavere tal i åra før 2018 viser ein vekst – Meland hadde i 2010 85 % av det som dei har i dag – 15 % lågare elevtal i 2010.



Når ein ser på tal barn i dei ulike aldrane frå 0 til og med 15 år så er der ein lit fallande tendens. No vil der vere ein nettotilflytting slik at det likevel kan bli ein auke i tal barn i skulen også framover.



Når ein slår saman aldersgruppene i 5 års bolkar (1 – 5 år, 6 – 10 år og 11 – 15 år) og samanliknar utviklinga i forhold til dei som er 11 – 15 år så har Meland, Masfjorden, Radøy, og Osterøy fleire i aldersgruppa 1 – 5 år. Dei kommunane ligg an til ein auke i elevtalet. I nokre av kommunane er det ein stor reduksjon, skal elevtale oppretthaldast må det ein stor tilflytting. Grunn til å merke seg at den største kommunen har vesentleg ferre i aldersgruppa 1 – 5 år samanlikna med 11 – 15 år. Denne tabellen kan samanliknast med prognosen til SSB. Dersom prognosen til SSB skal nås må fleire av kommunane ha ein betydeleg netto tilflytting i dei aldersgruppene her.

Den reduksjon som kan bli i elevtalet dersom ein ikkje får tilflytting kan gi utfordringar med omsyn til å ha ein ressursbruk i skulen som er økonomisk forsvarleg.

				% av dei som er 11 - 15 år	
	1 - 5 år	6 - 10 år	11 - 15 år	1 - 5 år	6 - 10 år
1252 Modalen	15	28	35	43 %	80 %
1253 Osterøy	554	488	527	105 %	93 %
1256 Meland	635	650	551	115 %	118 %
1260 Radøy	327	317	307	107 %	103 %
1263 Lindås	1 019	1 091	1 103	92 %	99 %
1264 Austrheim	171	158	191	90 %	83 %
1265 Fedje	23	29	50	46 %	58 %
1266 Masfjorden	106	118	97	109 %	122 %
1411 Gulen	115	123	158	73 %	78 %
<b>Nordhordland</b>	<b>2 965</b>	<b>3 002</b>	<b>3 019</b>	<b>98 %</b>	<b>99 %</b>
Hordaland	31 831	32 758	31 231	102 %	105 %
Landet totalt	305 636	324 451	313 236	98 %	104 %

Andel kvinner i alderen 21 – 40 år seier noko om kva ein kan forvente av fødsjar framover. Det er berre Meland som er på nivå med gjennomsnittet for landet, dei andre kommunane ligg under – nokon betydeleg. Nå er der grunn til å forvente ein netto tilflytting i aldersgruppa 31 - 40. Utfordringa er at dei kommunane som har lågast andel kvinner i denne gruppa er dei kommunane som har lågast tilflytting.

